

Kristin Bukve Strand
Storevegen 71

6884 ØVRE ÅRDAL

Svar på spørsmål kring bestilling av elev-pc

Vi viser til telefonsamtalar med Ole Henrik Mølmann fredag 15.09.17 og Ingeborg Lie Fredheim måndag 18.09.17.

I samtalen gjekk det fram at elev/føresette, veka før skulestart bestilte pc gjennom nettbutikken til Atea og fekk stadfesta ordren frå dei. Mens eleven venta på å få levert maskina, har han snakka med nokon på Årdal vidaregåande skule og fått til svar at maskina nok kjem snart og at det er lang leveringstid på maskinene. Som følgje av at eleven enno ikkje hadde motteke pc-en eller melding om leveranse, tok mor onsdag 13.09. kontakt med Atea. Atea viste til at fylkeskommunen 24.08. gjorde vedtak på at eleven ikkje får kjøpt pc fordi han er elev på vg2, då berre vg1-elevar får kjøpt pc. Eleven/føresette har ikkje motteke melding om dette. Mor kontakta deretter fylkeskommunen og fekk bekrefta at kjøpet var avvist som følgje av at tilbodet gjeld vg1-elevar. Fylkeskommunen beklaga då at det ikkje har gått melding til elev/føresette om at kjøpet var avvist. Mor ser det som ein alvorleg svikt i rutineane at elev/føresette ikkje fekk melding om at kjøpet var avvist så snart dette var handsama frå fylkeskommunen.

I samtalen bad mor om tilbakemelding på følgjande spørsmål:

1. Kva er rutineane knytt til informasjon til elevar som ønskjer å kjøpe pc gjennom ordninga?

Det går fram av heimesida til fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane sine heimesider at fylkeskommunen gir stønad til kjøp av berbar pc til elevar som startar i vg1. Dette er og presisert ved inngang til nettbutikken. Her heiter det også m.a.:

«Sogn og Fjordane fylkeskommune har avtale med Atea om levering av pc til elevar som startar i Vg1 i den offentlege vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane. Du kan berre kjøpe éi maskin gjennom denne ordninga. Alle bestillingar vert kontrollert mot søkarlister til skulane. Dersom du ikkje har rett til å bestille gjennom ordninga vert ordren kansellert.»

Elevar på vg2 har ikkje rett til å bestille pc gjennom ordninga og ordren er, etter kontroll mot søkjarlistene, difor kansellert. Fylkeskommunen ser det som alvorleg at elevar som har fått ordren sin kansellert ikkje har fått melding om dette, og vil saman med leverandøren av pc-ane sikre at rutinar for dette er på plass for framtida.

2. Kvifor orienterer ikkje skulane om pc-ordninga når dei har informasjonsmøte for søkjarar til vidaregåande opplæring? Dei burde der vore tydelege på at det berre er vg1-elevar, og ikkje vg2-elevar, som får kjøpe pc.

Fylkeskommunen sender kvart år ut eige informasjonsskriv om elevpc-ordninga til dei som søker seg inn på vg1. Brevet skildrar kort ordninga og viser til nettsida sfj.no/elevpc for meir informasjon. I Årdal vidaregåande skule sitt brev til elevane før skulestart, står det at alle elevar skal ha berbar datamaskin. I brevet står lenka til informasjonen om elevpc-ordninga på fylkeskommunen sine nettsider (sfj.no/elevpc).

3. Kvifor er det berre førsteårs-elevar som får kjøpe pc?

Berbar pc for elevar i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane fylkeskommune vart innført frå hausten 2009 etter vedtak i fylkestinget. Alle elevar i vidaregåande opplæring nyttar berbar pc.

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg gjennom elevpc-ordninga til rette for at alle elevar som startar på vg1 skal kunne kjøpe subsidiert berbar pc. Fylkesdirektøren har bestemt at dei som ikkje nyttar seg av tilbudet som vert gitt til alle nye vg1-elevar, ikkje får tilbudet på nytt.

Fylkesdirektøren ser at informasjonen og rutinane knytt til bestilling av elev-pc bør vere tydelegare og er i gang med å rette opp dette.

Med helsing

Tor-Einar Holvik Skinlo
ass. fylkesdirektør

Ole Henrik Mølmann
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift